

Nausthaugen 2 klar for visning i morgon, laurdag.

30.09.2016



Nausthaugen 2 er klar for visning. Bilete syner ei av toppleileghetene med god utsikt mot Skorpo og Hardangerfjorden.

**Tidlegare forretningslokale, Nausthaugen 2, i sentrum av Uskedalen er klar for visning i morgon. Valo Eigedom v/ Elin Stene og Geir Rusten har bygd om og ferdigstilt bygget med plass for 6 leilegheter, to husvære i kvar etajse. Seksjonane har god utsikt og det er montert heis mellom 2. og 3. høgda.**



[Eit av bada i ei av to leilegheter på kjellarplan](#)

Alle kjenner bygget der Jenny Haugland ( Mollo ) dreiv handel. Det var mor til Jenny, Jacobine Haugland, som starta firma Jacobine Haugland Eft. i 1927. Ho dreiv manufaktur- og moteforretning, handel og kafe. Eit nytt og moderne butikklokale var klar til innflytting i 1963, på andre sida av riksvegen. Bygget hadde stor kjellar med lager og sentralvarme, romsleg butikk og ei større leileghet på toppen. Mollo og familien budde i husværet over butikken. Dotter hennar, Solveig, var med mora i drifta i mange år.

Valo Eigedom ved Geir Rusten kjøpte bygget for nokre år sidan. Med eit års byggetid er 6 husvære i morgon klar for visning. Uskedalen.no har i dag vore på omvisning. Husværa er lyse, romslege og praktisk innreia. Jamvel seksjonane på kjellarplan har utsikt og eit stort uteområde. Det er stor balkong med rekkverk i glas til alle bueiningane.

Arkitekt har vore Grung Arkitekter frå Bergen. Leileghetene har såkalla livsløpsstandard og alle er godkjende for husbankfinansiering. Golvflata er frå 60 til 90 rutemeter. I morgon, laurdag, er det visning frå klokka 12 til 14. Husværa er klar for sal og innflytting.



Seksjonane er lyse, romslege og praktisk innreia.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal